



ALVER
KOMMUNE

Plan og byggesak

Hlm Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16 - 21/38203

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
07.06.2021

Igangsetjingsløyve for gang- og sykkelveg SGS4 - gbnr 137/75 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 650/21
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Hlm Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a), jf. § 21-2, 5.ledd, vert det gjeve igangsetjingsløyve for arbeidet med gang- og sykkelveg SGS4.

- 1. Rammeløyve av 19.07.2019 med endringsløyve gitt i vedtak datert 17.02.2020, 05.03.2021 og 07.06.2021 med vilkår, gjeld for tiltaket.**

Tiltak

Saka gjeld søknad til løyve til igangsetjing av arbeidet med gang- og sykkelveg SGS4.

Det er gitt rammeløyve i vedtak datert 19.07.2019, igangsetjingsløyve (1) for veg- og grunnarbeid utanfor BOP3 og avgraving av matjord innafor o_BOP3 i vedtak datert 23.08.2019, igangsetjingsløyve (2) for grunnarbeidet innafor o_BOP3 i vedtak datert 24.09.2019, igangsetjingsløyve (3) for vass- og avløpsanlegget i vedtak datert 28.10.2019, igangsetjingsløyve (4) for råbygg og sanitæranlegg i vedtak datert 05.02.2020, igangsetjingsløyve og løyve til endra plassering av mur mellom SGS2 og SGS5 i vedtak datert 17.02.2020, igangsetjingsløyve (6) for tett hus og innvendig arbeid i vedtak datert 20.05.2020, løyve til endring av godkjend tiltak (mur og levegg) i vedtak datert 05.03.2021 og mellombels dispensasjon og løyve til endring av godkjend tiltak (SGS4) datert 07.06.2021.

Det vert elles vist til søknad mottatt 04.06.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.06.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING**Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Ansvarsområde og føretak går fram av gjennomføringsplan datert 22.03.2021.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegnar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegnar gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Hlm Arkitektur AS

C. Sundts gate 1 5004

BERGEN